



---

# Notat

---

Til:  
Marit Aksnes Aase

Frå:  
Hilde-Lill Våge

## STATUS REINHALDSPROSJEKTET KVALITETSREINHALD - EIGA DRIFTSAVDELING OG REINHALDSLEIING

Saknr/Journalnr  
14/70/14/7317/ADM/HLV

Arkivkode  
FE-034, TI-&34

Dato:  
02.12.2014

---

### *Mål for Reinholdsprosjektet;* Kvalitetsreinhald - Smart reinhald med god kvalitet og høg trivnad.

I reinhaldsprosjektet har kvalitetsreinhald vore fokus, og ønskje om å få innføre **BestePraksisReinhald** så langt det er mogleg.

*Beste Praksis for Reinhald* er ein metode med nasjonale kvalitetsmål for reinhald i kommunale bygg ved hjelp av NS-INSTA 800 (BPR). BPR er difor eit hjelpemiddel for å få mest optimal reinhaldsteneste. BPR betyr i praksis å oppnå optimal ressursbruk pr. bygg ved hjelp av;

1. Moderne reinhaldsmetodar. Betre utnytting av maskiner og hjelpemiddel.
1. Betre organisering, heilskapleg reinhaldsleiing, utvikle fagmiljø. Innføring i teamarbeid og større stillingsstorleik, evt jobbotasjon.
2. Innføre kvalitetsstyrt og miljøretta reinhald (NS-INSTA 800).
3. Høg miljøprofil og fokus på HMS i det daglege.

Det er sett ned ei Prosjektgruppe; Tillitsvalte ( Fagforbundet v/ W.Håhjem, Delta v/S.T.Kulleseid), Tilsette med fagbrev (B.Tvedterås, M.T.Bjørnås) Driftsansvarleg Teknisk v/E.Kulleseid, repr frå einingsleiarane v/A.J.Fredriksen og ass.rådmann Våge. Gruppen har hatt 2 møte og vore på synfaring på Vaksdal. Vaksdal har fått HMS-pris for måten dei driv reinhaldet på. I samband med mellombels sjukeheimdrift har SK ein reinhaldar i teamet til Vaksdal.

Alle reinhaldarane som er tilsett i SK fekk invitasjon til dialogmøte, 31.10.14, der ny organisering av reinhaldet ei eiga avdeling vart drøfta. Alle med unnatak av ein reinhaldar hadde høve til å møte. Reinhaldarane gav uttrykk for at dei hadde ønskje for større stillingar

og ønska jobba meir i team (team på faste bygg). I ein gjennomgang av utstyr og vaskemetodar har det komme fram at reinhaldarane har eit stort behov for eit fagmiljø, og utskifting av gammalt utstyr. Det er urovekkande at det i dag ikkje vert nytta maskinvask i nokon av bygga. Vaskemaskiner til bruk i klasserom, gangar og gymsal, mm, samt teamvask er vanleg og vil lette arbeidet for reinhaldarane betydeleg. Endå viktigare er tiltaket for det førebyggjande HMS-arbeidet. Reinhaldarane ønska og klare omtalar av kva oppgåver som ligg til deira ansvar. Dette vert ofte gjort gjennom brukaravtalar.

BPR føresettt reinhaldsleiing. Reinhaldarane ønska og såg det som nødvendig å få ein fagperson som kunne gje dei dagleg rettleiing og oppfølging. Nokon av reinhaldarane gjekk heilt aleine og hadde ikkje fått fagleg utvikling på svært mange år.

Stillinga som 100% reinhaldsleiar vart lyst ut internt i november og intern søkjar er no tilsett frå 1.januar 2014. Reinhaldsleiar skal rapportere til Driftsleiar på teknisk. Reinhaldsavdeling er organisert som ei eiga vedlikehaldsavdeling i lag med byggvedlikehald. Reinhaldsleiar vil ha oppgåver knytt dagleg reinhald i tillegg til å gå inn som vikar/rettleiing/innkjøp/administrative oppgåver (ca 20%). Tidlegare budsjetterte vikarmidlar ute på einingane finansierar den delen som er knytt til leiaroppgåvene.

Reinhaldsbudsjetta ute på einingane er frå 2015 samla på reinhaldsavdelinga under teknisk ansvar. I 2015 vil det verte investert i nye vaskemaskiner og utstyr innanfor budsjettramma. Rådmannen skal utarbeide nye arbeidsavtalar for den nye avdelinga innan årskiftet. Rådmannen har i lag med Fagforbundet gått inn for å få i gang eit norskkurs for framandspråklege reinhaldarar. Det er sendt søknad til AOF om tilskot til gjennomføring av eit 50 timarskurs. Kurset reknar me med å få starte i løpet av våren 2015, og aktuelle kandidatar vert pålagt å delta i kurset. Driftsleiar på teknisk legg opp til ei fellessamling i lag med reinhaldsleiar for alle reinhaldarane i oppstarten av 2015.

Vidare arbeid i prosjektgruppa ilag med ny reinhaldsleiar i januar og februar;

- Organisere team – og utarbeide forslag til stillingsomtalar
- Etablere og formalisere forslag til nye arbeidsprosessar og rutinar
- Utarbeide forslag til brukaravtalar mellom brukarar av bygga og reinhald.  
Desse vil og verte drøfta med einingsleiarane.

Målet er å få avdelinga i god drift og avslutte prosjektet innan mars 2015.

Kopi til:

Boge, Jan Erik; Ramsli,Tone